

H E S T A T J Ø R N

Fiskeanalyesen vart foreteken den 27. august 1980.

Vatnet ligg i Tysvær kommune, aust for Store Stemmetjern, og sør-vest for Nonsfjellet.

Arealet er omlag 5 dekar og h.o.h. ca. 140 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men største djup kan vera omlag 8-10 m.

Stranda består stort sett av myr rundt heile vatnet og med gjørme-botn over alt.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Vegetasjonen i strandsona er frodig og ein vil finna nøkkerosar, flotgras, siv- og algevegetasjon.

Nedslagsfeltet er lite og femner for det meste om snaumark med noko grunnfjell i dagen.

Noko hovudtilsigt har ikkje dette vatnet, men mindre bekketilsig fell inn ymse stader.

Avlaupet går til Store Stemmetjern.

Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er omlag 2.5 m og fargen på vatnet brunleg-gul som indikerar påverknad av humus (myr).

Surheita pH er målt til 5.2 i samband med prøvefisket og den innsendte vassprøven synte 5.6. Dette er godt brukande for ferskvassfisk.

Innhaldet av kalk (Ca/l) er målt til 3.50 mg/l og den totale hardheita (CaO) til 4.0 mg/l. Vatnet har såleis ei relativt bra bufferemne og pH nokså stabil gjennom året.

Elektrisk leiingsemne uS/cm = 37.9.

Gjennomstrøyminga er liten.

Botnprøver.

Det vart teke ein botnprøve på ca. 3.0 m djup, men det vart ikkje funne eit einaste næringsdyr.

Planktonprøver.

Eit ca. 50 m langt plankontrekk, med planktonhov, gav som resultat ein medels rik prøve av dyre- og plantoplankton.

Fisk m.v.

Det vart sett ut 2 garn (omf. 14-20) i ei fangstnatt, men det lukkast ikkje å få fisk i det heile. Det er all grunn til å tru at vatnet er fisketomt.

Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene må vatnet karakteriserast som medels næringsrikt og tilhøva for fiskeproduksjon relativt gode.

Vasskvaliteten er betre i dette vatnet enn i både Store Stemmetjørn og Fiskevatn.

Gytetilhøva er dårlige og fisken vil vanskeleg kunna formere seg.

Praktiske tiltak.

Sjølv om vatnet er lite bør det utnyttast ved utsetjing av fisk.

Det ville også her vere av interesse og prøvd den canadiske bekke-røyra, men auren vil og kunna trivast i Hestatjørn.

Høvande utsetjingstal skulle vera ca 25 fisk,

Stavanger 26. mars 1981

Einar Berg